

SAMFERDSLEPLAN 2020-2023



SOGN REGIONRÅD

Innhald

1.	Innleiing	2
2.	Overordna rammer og mål	3
	Nasjonalt transportplan (NTP)	3
	Regional transportplan (RTP).....	3
3.	Prioriterte samferdsletiltak	4
	3.1 Fylkesvegnettet.....	4
	3.2 Gang- og sykkelveggar	5
	3.3 Kollektivtransport	5
	3.4 Sogndal Lufthamn Haukåsen	6
	3.5 Strekninga Vinje-Hella-Sogndal Vikafjellstunnelen.....	6
	3.6 Samband mellom Austlandet og Vestlandet	7
	3.7 Europavegane gjennom regionen.....	7
	3.8 Ferjesamband Hella-Vangsnes-Dragsvik.....	7
	3.9 Breiband.....	8
	3.10 Nasjonale turistveggar.....	8

1. INNLEIING

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan for sju kommunar frå 2020: Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Regionrådet er kommunane sin felles utviklingsaktør i arbeidet med å sikra og vidareutvikle rammevilkåra for busetnad, næringsliv og vekst i regionen. Rådet skal initiere definerte utviklingsprosjekt, i tillegg til å samordne og forenkle oppgåver for eigarkommunane. Sogn regionråd arbeider for å få ei positiv utvikling i medlemskommunane og i regionen samla.

I historisk samanheng har Sognefjorden vore den viktigaste ferdselsåra mellom kommunane i regionen. Fjorden er framleis ein viktig ressurs, men skapar også geografiske utfordringar for samferdsla i regionen. Bygdene ligg spreidde langs fjordar og dalbotnar med mange lokale sentra. Fellesskapet rundt fjorden bygger identiteten til sogningane, og er eit godt grunnlag til å utvikla samarbeidet på.

Hovudfartsåra gjennom regionen er E 16. Riksveg 55 går til Sogndal og riksveg 13 over Vikafjellet og nordover. Regionen har verdas lengste vegtunnel, Lærdalstunnelen.

Samla areal for regionen er 9590 km², og er på storleik med Rogaland fylke og større enn fleire fylke.

Samferdsle er eitt av arbeidsområda i Sogn regionråd sin regionalplan. God infrastruktur er viktig for å binda kommunane saman og styrka regionen som ein felles bu-, service- og arbeidsmarknad.



Sogn regionråd er eit politisk organ for regional utvikling og skal vera synleg som regional utviklingsaktør. Arbeidet med å betra samferdselsløysingane internt i regionen og mot omverda er eit langsiktig og krevjande arbeid. Regionrådet bør vera ein kraftfull pådrivar i regionale saker. På den måten kan rådet sikra felles regionale prioriteringar innanfor denne sektoren og slik få større gjennomslagskraft for å realisera fleire store og små prosjekt.

Ved å utvikla gode samarbeidsprosjekt med fylkeskommunen, nabokommunane og næringslivet kan vi gjera det meir sannsynleg at samferdsleprosjekt i vår region vinn fram i dei nasjonale prioriteringane. Som del av større fylke blir det enno viktigare enn før å stå samla i Sogn og byggje alliansar med naboregionane.

2. OVERORDNA RAMMER OG MÅL

Nasjonal transportplan (NTP)

NTP beskriv mål og prinsipp som regjeringa legg til grunn for sin transportpolitikk. Nasjonal transportplan gjeld i ti år, og blir revidert kvart fjerde år. Regjeringa legg opp til ny modell for prosess og organisering av arbeidet med Nasjonal transportplan 2022-2033. Samferdselsdepartementet har dialog med fylkeskommunane og dei største bykommunane, og det er etablert ein politisk kontaktgruppe med blant anna fylkeskommunane og KS. Politisk nivå i fylkeskommunane og dei største bykommunane blir involverte tidligare i planprosessen enn tidlegare.

Departementet gir deloppdrag til vegvesenet, Avinor, Jernbaneverket og Kystverket, men det blir ikkje lagt fram felles grunnlagsdokument slik det er gjort i tidlegare planprosesser.

Departementet sin møteplan for arbeidet i styringsgruppa, og for den eksterne prosessen ligg på nettsida¹. Første møte i styringsgruppa var i januar 2019. Fylkeskommunane og dei store bykommunane er inviterte til innspel til prioriteringar innan 14. mai 2020.

Stortingsmeldinga om ny NTP blir lagt fram 2021.

Regional transportplan (RTP)

RTP for 2018-2027² vart vedteken i desember 2017 og er fylkeskommunen sin langsiktige strategiplan for utviklinga av transportsektoren i fylket. RTP omhandlar heile transportsystemet i fylket, inkludert transportformer der ansvar og verkemiddel ligg til andre forvaltningsnivå enn det fylkeskommunale. Transportplanen inneheld eit kunnskapsgrunnlag om utviklingstrekk og framtidige utfordringar og eit 4-årig handlingsprogram med oversikt over planlagde investeringar i perioden.

Handlingsprogrammet vert rullert kvart fjerde år. Handlingsprogrammet har hovudfokus på tiltak dei fire første åra. Årlege budsjetttrammer hos fylkeskommunen vil avgjere oppfølginga av handlingsprogrammet. Utfordringar er mellom anna stort etterslep/forfall på vegnettet og store investeringsbehov.

Vestland fylkeskommune tek sikte på å vedta ny planstrategi innan slutten av 2020. Planstrategien skal vera ein overordna utviklingsplan for Vestland fylke og skal fastsetje kva planar som skal utarbeidast i 4-årsperioden. I høyringsperioden mai til juni kan det bli lagt til rette for eksterne høyringsmøte. Fylkeskommunen legg opp til at planstrategien skal innehalde ei oversikt over vedtekne regionale planar om framleis skal gjelde, planar som skal reviderast og planar som skal utfasast.

¹ Møte – kommande og referat: <https://www.regjeringen.no/no/tema/transport-og-kommunikasjon/nasjonal-transportplan/ntp-2022-2033-i-arbeid-ny/nasjonal-transportplan-2022-2033---i-arbeid/moter---kommende-og-referater/id2643284/>

² Regional transportplan 2018-2027: <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regionale-planer/regional-transportplan-for-sogn-og-fjordane-2018-2027.pdf>

Handlingsprogram for RTP 2018-2021: https://img4.custompublish.com/getfile.php/4032295.2344.qsmzplbtaunbi7/HANDLINGSPROGRAM,+godkjent+av+FT_trykkeversjon.pdf?return=www.sfj.no

3. PRIORITERTE SAMFERDSLETILTAK

Utbedring av infrastruktur i og ut av regionen er viktig for å styrka regionen som felles bu-, arbeidsmarknad- og serviceregion og for å lukkast med næringsutvikling.

Overordna mål:

Næringsliv og innbyggjarar skal ha god infrastruktur.

Strategiar

- Politisk og strategisk påverknadsarbeid for betra regularitet og infrastruktur i og utav regionen
 - vegutbedring og oppgradering av vegnettet
 - betre fly-, ferje- og busstilbod
 - god breibandkapasitet for næringslivet
- Regionen må vera aktive overfor stat og fylkeskommune for å styrka regionen sine samferdselsinteresser

Tiltak

- Argumentera for prioriterte samferdsletiltak i høve sentrale og regionale styresmakter mellom anna i møte med Samferdselsdepartement, Stortingsbenken, Statens vegvesen Regionvegkontoret, fylkeskommunen.
- Byggja alliansar og interessefellesskap med andre regionar og næringsliv.
- Gje fråsegn til regional transportplan og nasjonal transportplan om dei prioriterte samferdsletiltaka.
- Setja av regionale utviklingsmidlar til analyser og utgreiingar som grunnlag for regionrådet sitt vidare arbeid.

Samferdslegruppa vil drøfta og tilrå ein handlingsplan for tiltaka.

3.1 Fylkesvegnettet

Fylkesveg 55

Fylkesveg 55 går frå grensa med Oppland på Sognefjellet til Vadheim. Strekinga Sogndal-Hella er riksveg. Fv 55/rv 55 er ein regional hovudveg samstundes som vegen er viktig for lokal trafikk og pendlarar i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion.

Det er dokumentert omfattande behov for opprusting for desse strekningane³:

- Vegen har lange parti med dårleg vegstandard (smal, svingete, ujamn veg, sterk stigning, låge tunnelar) og for sjeldne og uregelbundne ferjeavgangar
- Manglande framkomst vinterstid på høg fjellet
- Ulykker, spesielt utforkøyringsulykker
- Mangelfullt tilbod til gåande og syklende ein del stader
- Behov for rehabilitering av tunnelar
- Behov for skredsikring
- Generelt forfall på vegar, bruer og tunnelar

Utbedringar av strekningane Sogndal-Luster, Dragsvik-Balestrand, Tronvik-Ulvåna og på sørsida av Høyanger vil styrka Sogn som felles bu- og arbeidsmarknad, og Sogn regionråd prioriterer utbedring av desse strekningane. I påvente av større opprustingsprosjekt bør fylkeskommunen auka ressursinnsatsen for nokre utsette punkt.

Rassikringstiltak må prioriterast og regionrådet vil arbeida for auka rammer.

³ Sjå Statens vegvesen Region Vest si overordna utgreiing om Fylkesveg 55 Sognefjellet-Vadheim (2012/172814-13): <http://www.sjf.no/regional-transportplan.336482.no.html>

Strategiar

Arbeida for auka rammer til fylkesvegnettet

Sikra at vår region får sin forholdsmessige del av utbetningsmidlane av fylkesvegnettet

Fv 55 og rassikring er rådet sitt prioriterte satsingsområde i høve RTP

I høve rassikring skal rådet arbeida for at rassikringstiltak frå regionen beheld si plassering på fylkeskommunen si prioriteringsliste for rassikring

Vera pådrivar for meir midlar til rassikring.

3.2 Gang- og sykkelveggar

Både av tryggleiks- og miljøomsyn må utbygging av gang- og sykkelveggar ha fokus. Betre tilrettelegging for gåande og syklande er eit godt folkehelseiltak, og gjev redusert bilkøyring og miljøproblem og er såleis eit godt klimatiltak. Det er særleg viktig med eit godt utbygde gang- og sykkelveggar for born og ungdom, og Sogn regionråd meiner at både for nye anlegg og vedlikehald skal strekningar i tilknytning til skulane prioriterast.

Strategi

Arbeida for å få på plass gang- og sykkelveg i tilknytning til skular.

3.3 Kollektivtransport

Kollektivtilbodet er viktig for innbyggjarar og for tilreisande. I vår region er talet på tilreisande stort samanlikna med talet på fastbuande.

Sognebåten

Sognebåten går dagleg Sogndal-Bergen. Båten er viktig transportrute for arbeidsreisande, private verksemdar og offentlege etatar. Strukturendringar i offentlig sektor gir enno større behov for eit godt båtuttilbod.

Båten er særleg viktig opplevingsrute for reiselivet og inngår i rundreisepakkar og reiseprogram m.a. Norway in a nutshell. Regionen har omfattande reiselivstrafikk. Regionrådet har i samarbeid med Visit Sognefjord og næringslivet arbeidd for å få utvida sommarrute og flytta endestogg frå Sogndal til Flåm, men fylkeskommunen vedtok å ikkje flytta endestogg. Sommarruta Flåm-Bergen vart utvida med ein månad i 2018.

Fylkeskommunen lyser ut anbodet og nye avtaler gjeld frå 1. mai 2022.

Sogn regionråd har i forkant av anbodskonkurransen gitt innspel om utvida sommarrute frå 6 til 7 månader. I anbudsutlysinga ligg det inne utvida sesong med to månader (april og oktober) frå 2022. Fylkeskommunen vel operatør våren 2020. Sogn regionråd vil i samarbeid med Visit Sognefjord og næringa arbeida for god rutedrift og kopling mellom nord- og sørsida av Sognefjorden.

Fylkeskommunen ønskjer drift med nullutsleppsteknologi innan mai 2024.

Strategi

Samarbeida med næringa og regionale utviklingsaktørar om båtuttilbodet i Sognefjorden.

Pendlarbuss

Eit effektivt og heilskapleg rutesystem med god korrespondanse er avgjerande for at reisande skal velja å reisa kollektivt. Om ein lukkast med å få fleire til å reise kollektivt vil det gje moglegheiter for auka inntekt. Auka inntekt kan brukast til å få fleire kollektivruter som igjen vil kome fleire innbyggjarar til gode. Gode løysingar kan ha positiv verknad for å endra folks reisevanar.

Det er i dag buss på strekninga frå Sogndal til Hella. Det bør vera busstilbod til Vik for skuleelevar og pendlarar.

Busstilbodet frå Sogndal bør utvidast til Årdal med kopling frå Luster og Lærdal samt ei kombinert pendlar- og skulebuss for Aurland, Lærdal og Årdal.

Bussrutene bør korrespondera med ferjetilbodet Hella-Vangsnes-Dragsvik.

For pendlarane er det viktig med gode overgangar privatbil og kollektivtilbod, til dømes parkering i nærleiken av haldeplass, og slike bør få større fokus framover.

3.4 Sogndal Lufthamn Haukåsen

Flyruter

Flyplasstilbodet med nattstasjonert fly og fleire direkteruter til og frå Sogndal er viktig for offentleg og privat næringsliv i Sogn.

Flyplassen ligg i ei klimasone med til dels store snømengder. Nattstasjonert fly vil gje betre regularitet vinterstid og betre kapasitet om morgonen. Det er bygd hangar på flyplassen etter eit spleiselag med kommunane, fylkeskommune og næringslivet. Hangaren er på plass og alt ligg til rette for nattstasjonert fly på Haukåsen.

Anbodsperioden er 1.4.2020 til 31.3.2024. Vestland fylkeskommune vil få ansvar for kjøp av FOT⁴-rutetilbodet mellom kortbaneflyplassane i fylket og til/frå Bergen og Oslo. Overføring av ansvaret vil skje før neste anbudsperiode 1.4.2024.

Sogn regionråd vil arbeide for å få nattstasjonert fly på Haukåsen.

Strategiar

Arbeida for nattstasjonert fly.

Dialog og kontakt med Widerøe og fylkeskommunen for betre flyrutetilbod.

3.5 Strekninga Vinje-Hella-Sogndal

Vikafjellstunnelen

Riksveg 13 er ei ferdselsåre som bind saman kommunane i midtre Sogn med Voss og Bergen. Strekninga har dårleg vegstandard, er rasutsett og har høg fjellparti som er utsett om vinteren. Fjellovergangen over Vikafjellet er definert som heilårsopen, men er den mest vinterstengde riksvegen i Noreg. Tunnel er einaste løysing for å få sikker heilårsveg over Vikafjellet. Vikafjellstunnelen knyter regionen saman og vil gje eit sterkare Vestland. Begge fylkestinga har positive vedtak om at Vikafjellstunnelen skal prioriterast. Veggen er klar til oppstart i høve overordna planar. Utgreiing av kostnadsregulerande tiltak er vedteke i NTP og vart påbyrja i 2018.

Strategi

Arbeida for at Vikafjellstunnelen kjem inn i NTP 2022-2033.

⁴ Formålet med forplikingar til offentleg tenesteyting (FOT) er å sikre eit flyrutetilbod der det ikkje er grunnlag for kommersiell drift

Vegstrekningar

I tillegg til utbetring av rv 13 Vik-Vangsnes bør rv 55 Hella-Sogndal utbetrast. Rv 55 må så tidleg som mogleg i planperioden utbetrast slik at strekninga Hella- Sogndal har riksvegstandard med 8,5 meter vegbreidde og gul midtstripe.

3.6 Samband mellom Austlandet og Vestlandet

Riksveg 52 over Hemsedalsfjellet er vedteke som hovudveg for næringstransport/tungbiltrafikk mellom Austlandet og Vestlandet. Rv. 52 over Hemsedalsfjellet saman med E16 hovudarm til Bergen samt rv. 5/ E39 som arm til Ålesund opnar heile Vestlandet mot Austlandet. Vegane knyter kystnæringane på Vestlandet til både Innlandet og Austlandet, og hovudstamvegen gir såleis ei god løysing for næringslivet.

Rv 7 skal satsast på som hovudvegsamband for reiseliv og persontrafikk. Det blir lagt opp til funksjonsdeling mellom desse to korridorane. Regjeringa har vedteke at E134 over Haukeli er eit hovudvegsamband mellom Austlandet og Vestlandet.

Regjeringa har peika på behovet for å utvikla to ruter som vesentleg reduserer reisetida mellom Austlandet og Vestlandet, og der rutene rv 52 og rv 7 får funksjonsdeling som den eine traseen og E134 Haukeli utgjer den andre traseen. Riksveg 52 er fjellovergangen mellom Austlandet og Vestlandet med høgast del tungtransport.

Tunnel gjennom Hemsedalsfjellet mellom Bjøberg og Borlaug er avgjerande for ein sikker fjellovergang mellom Austlandet og Vestlandet, og er eit tiltak som regionrådet vil prioritera. Vegstrekninga er omtalt i KVVU rv 7 og rv 52 Gol-Voss.

Rådet vil arbeida for at riksveg 52 blir prioritert for investeringar slik at reisetid vert redusert og at det vert tilrettelagt for tungbilar mellom kysten/Sogn og Austlandet.

Strategiar

Arbeida for at Hemsedal vert prioritert som aust-vestsamband med investeringar for kortare reisetid og tilrettelegging av tungtransport.

Samarbeida med naboregionar og næringslivet i interessefellesskap for politisk og strategisk påverknadsarbeid.

3.7 Europavegane gjennom regionen

E39 strekninga Bogstunnelen-Gaular grense i Høyanger kommune er prioritert i Nasjonal transportplan 2018-2029 i siste seksårsperiode (2024-2029). Sogn regionråd støttar opp om vegprosjektet på E39 ved Vadheim.

Sogn regionråd er tilfredse med utbetringane på E16 som har gitt god vegstandard og vintersikker veg over Filefjell.

Strategi:

Arbeida for at strekninga E39 Bogstunnelen–Gaular grense blir vidareført i NTP 2022-2033.

3.8 Ferjesamband Hella-Vangsnes-Dragsvik

Godt ferjetilbod knyter regionen saman. Hella-Vangsnes-Dragsvik har fått hyppigare avgangar og nattferjer, men tilbodet har ikkje føreseieleg frekvens (dvs 20 eller 30 minutt frekvens) som regionrådet ønskjer. Det er

behov for betra tilbod tidleg morgon som korresponderer med morgonflyet frå Sogndal Haukåsen og betre tilbod på kveldstid.

Eit godt ferjetilbod vil styrka arbeidsreiser og pendlinga i regionen og vil bidra til at større delar av regionen får ta enno sterkare del i arbeidsplassveksten i Sogndal. Mange er villige til å pendla 45-60 minutt om dei får bu der dei ønskjer seg – og om kommunikasjonen er god. Det er viktig for næringslivet t.d. transportnæringa som vil letta planlegginga og redusera tidsbruk og kostnader.

Vik er isolerte mange gonger på vinterstid fordi Vikafjellet ofte er stengt. Tunnel gjennom Vikafjellet vil også styrka trafikkgrunnlaget for ferjesambandet.

Norled driftar dei to ferjesambanda i regionen 2020-2027. Det vil kome el-ferjer. Sommarruta er forlenga med to månader frå 1. mai til 30. september.

Strategi

Dialog med Statens vegvesen region vest og Samferdselsdepartement for betre ferjetilbod.

3.9 Breiband

Innbyggjarane og næringslivet i Sogn må ha eit godt breibandtilbod. God dekning og raskt breiband må sikrast for private hushald og for næringslivet og offentleg sektor.

Eit godt utbygd breiband er føresetnad for å sikra tilgang til tenester og moglegheit for full samfunnsdeltaking. Bruksmønsteret har endra seg og det er behov for andre generasjons breiband. Regjeringa har etablert ei tilskotsordning for breiband, og som kommunane kan søkje på. Ordninga skal sikra eit tilstrekkeleg godt breibandtilbod til område som det ikkje er lønsamt å byggja ut på kommersielle vilkår. IT-forum Vest (tidlegare IT-forum Sogn og Fjordane) er eit breitt samarbeid og spleiselag der ein av satsingane er å utvikla breibandtenester med kommunane i fylket.

Strategi

Arbeida for auka løyvingar til breibandutbygging for å sikra eit godt breibandtilbod også i område det ikkje er lønsamt å byggja ut på kommersielle vilkår.

3.10 Nasjonale turistvegar

Nasjonale turistvegar er 18 køyreruter i landet gjennom natur, arkitektur og kunst på tilrettelagde utsiktspunkt og rasteplassar. Statens vegvesen står bak arbeidet. Nasjonale turistvegar skal gjera Noreg enno meir attraktivt som reisemål, og skal bidra til å styrka næringslivet og busetjing i distrikta. Prosjektet varer fram til 2023.

Sogn regionråd ønskjer at nasjonale turistvegar blir utvida med bilferjerute på Fjærlandsfjorden og Nærøyfjorden. Dei nasjonale turistvegane Aurlandsfjellet og Gaularfjellet gjev dei reisande naturopplevingar med fjell, fossar og utsiktspunkt. Dei to turistvegane bør utvidast til også å omfatta Nærøyfjorden og Fjærlandsfjorden. Ei reetablering av offentlege ferjeruter på Fjærlandsfjorden og Nærøyfjorden vil sikra eit stabilt tilbod og lang sesong. Ferjekaiene er intakte, i offentleg eige og i bruk. Ferjereisene har ei reisetid på 1,5 timar på den eine strekninga og 2,5 – 3 timar på den andre.